

Referat frå SU-møte 18.01.2024

Til stades:

Elev:

Føresette: Malene Øen (FAU- leder) Edvin Helland (Representant i FAU)

Tilsette: Marie Buchvold Kvalvik, Tor Jæger Koppang, Kato Vangen (Verneombod)

Stord kommune:

Ikkje til stades: Solveig Hetleflåt, Leanda (7A), Marie (7B) og Kesia Palmer.

Saksliste	Ansvar	Referat
Velkomen Presentasjonsrunde	Rektor	Presentasjon av alle saman.
Informasjon om SU	Rektor	Informasjon om kva SU er, og kva det handlar om.
SU konstituerer seg	Rektor	Leiar: Nestleiar: Referent: Kesia Palmer Vara referent:
Møteplan	Leiar	2 møte i året ok? Kallar inn til fleire ved behov? Neste møte: Dato og klokkeslett, Leirvik skule skule. Leiar lagar gruppe på Facebook med møteinnkalling?
Driftsinformasjon om skulen	Rektor	Elevtal haust 23: 340 Tilsette: 40+10 Elevtal haust 24: 350 Born i SFO: 100 Budsjett: Negativt avvik grunna høgt sjukefråvær
Arbeid i FAU	FAU-leiar	Satsingsområde dette skuleåret:
Arbeid i Elevrådet	Elevrådsleiar	
Foreldreundersøkinga Elevundersøkinga	Rektor	Gjennomføringsperiode veke 48 og 49. Pizza til det trinnet med høgast svarprosent på foreldreundersøkinga: 4. trinn. Resultatet frå elevundersøkinga blir offentleg på måndag

		(22.01). Me analyserer resultatata på neste møte.
Høyringsutkast til planprogram for kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg	Leiar	Leiar sender inn eventuelle innspel innan fristen 26.01.24.
Ymse: Referat	Leiar	Hugs å sende referat til rektor innan 2 veker, då me er pliktig til å arkivere dette.

Referat:

Presentasjon av SU sine medlemmer.

Informasjon om kva SU er, og kva SU har rett til å uttale seg om.

https://foreldreutvalgene.no/fug/samarbeidsutvalget-i-skolen/?gad_source=1&gclid=Cj0KCQiA2KitBhCIARIsAPPMehLrjkQX0FI8Mbrqt_HEPTSwwrFuq0gReoETvGhdR0vkI8d_tjMxQQaAhaCEALw_wcB

SU blir konstituert slik:

Leiar: Kesia Palmer

Nestleiar: Malene Øen

Referent: Tor Jæger Koppang

Vara referent: Kato Vangen

Møteplan:

SU ønsker to møte i halvåret. FAU skal ha nytt møte i midten av mars, og då blir det aktuelt med nytt møte. Dato, tidspunkt og klokkeslett kjem rektor attende med.

Driftsinformasjon om skulen:

Leirvik skule er den nest største av grunnskulane på Stord. Det er ca. 50 tilsette ved Leirvik skule, 40 lærarar og 10 fagarbeidararar. Prognosane for hausten 2024 vil bli 350 elevar.

Born i SFO: om lag 100 elevar. SFO kjem til auke til neste år når også 3.klasse skal ha gratis kjernetid.

SFO har fått eit løft. Mange vil ha ungene sine på SFO kjem det fram under møte. I tidlegare FAU har SFO ofte vore tema, grunna dyr pris. Stord hadde mellom dyraste SFO-prisar i landet. Tilbakemelding frå FAU er at gratis kjernetid er svært bra.

Sjukefravær:

Skulen har hatt høgare sjukefråvær enn tidlegare, det har blitt vanskelegare å skaffe vikarar. Den totale belastinga på dei som står igjen blir då større. Det er lærarmangel i Stord kommune og vanskeleg å skaffe kvalifiserte vikarar.

Elevråd:

Elevrådet har diskutert skulebruksplan. Elevrådet ønsker at Leirvik skule vert pussa opp til moderne fin skule. Enten der skule i dag, eller på Stord vidaregåande skule. Leirvik skule må vera ein eigen skule med trygg skuleveg. Barn må kunna sykla eller gå til

skulen.

FAU:

FAU jobbar for ein betre skule, trygg skuleveg, SFO, språkbruk og anna. Fokusområdet er mykje likt som i fjor. FAU ønsker samarbeid elevrådsrepresentantane om språkbruk i skulen.

Skule-pc er eit aktuelt tema som blir jobba med, fordi det har vore veldig mange innspel på at dei blir brukt «feil».

FAU er nøgd med at PCane i all hovudsak vert brukt på skulen, og lagra og lada der.

Høyringsutkast til planprogram for kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg:

FAU har laga eigen høyringsuttale som vert sendt til Stord kommune.

Dersom ein vil ha barnefamiljar i sentrum, må ein ha ein skule her.

Me har sida 2020 blitt lova pengar og utarbeida plan for Leirvik skule, då brakkene vart satt opp. FAU er skuffa over at den lovnaden om at pengane uteblir og at dei lovde planane ikkje blir gjennomført. At uteområdet har blitt innskrenka er også noko ein ser på som uheldig.

FAU er skeptiske til at det blir utarbeida planar med veldig kort frist, dette ser FAU på som uheldig.

SU ber rektor om å skriva eigen uttale på vegne av SU. Denne må ta utgangspunkt i at ein treng ein må oppgradere dagens skule, eller overta vidaregåande skule. Leirvik må vera eigen skule. Sentrum treng eigen skule om barnefamiljar skal ønska å busette seg der.

Meldar

Kato Vangen/Tor Jæger Koppang